



Ole Tundal Bakkebø
SKANSELIEN 33
5031 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/1534 - 23/11218

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
20.02.2023

Avvist klage på sakshandsamingsgebyr - gbnr 58/9 Lygren indre

Administrativt vedtak. **Saknr: 200/23**
Tiltakshavar: Ole Tundal Bakkebø
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype:

VEDTAK:

Klage datert 03.11.2022 vert avvist med heimel i forvaltningslova (fvl.) §33 andre ledd, då klaga ikkje gjeld eit enkeltvedtak jf. fvl. §28 første ledd.

Saksutgreiing

Klaga omfattar klage på gebyr i forbinding med vedtak datert 21.10.2022. Det er i klaga vist til at kommunen ikkje har haldt lovpålagte fristar, og at det er grunnlag for reduksjon eller tilbakebetaling av gebyr jf. byggesaksforskrifta (SAK10) §7-6. Det er blant anna vist til at det vart gjort feil frå kommunen si side med datasystem og saksføring.

Rettsleg utgangspunkt

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 28 første ledd at «enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»

I fvl. § 33 andre ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b) slår fast at eit enkeltvedtak er eit vedtak som gjeld «rettigheter eller plikter til en eller fleire bestemte personer». I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjerande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der

ei gebyr-forskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan illegging av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebyrsatsar så langt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjeringar.

Vurdering

Om ei sak har sakshandsamingsfrist på 3 eller 12 veker følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §21-7 og SAK10 §7-2 og §7-5. Dette er ein del av saka sin natur etter fristberekning i regelverket, og slik sett ikkje ei vurdering som kommunen har handlingsrom i. Det er følgjeleg vurdert at det ikkje er klaga på eit enkeltvedtak her, jf. fvl. §28 første ledd.

Det er elles søkt om eit mindre frittliggande grindbygg, samt ein driftsbygning. Det går fram av gebyrregulativ frå 2022 at ein vert fakturert per tiltak. Det er ikkje klagerett på forskrifter jf. fvl. §3, 28 og 40. Det følgjer direkte av forskrifta i pkt.10 kva ein har klagerett på. Ein kan til dømes ikkje klage på at ein får gebyr, eller storleiken på dette.

Sjå her for forskrift frå 2022:

<https://www.alver.kommune.no/contentassets/b6514d9b90aa4e409d0bf52d2e79f39c/gebyrregulativ-2022--kommunestyret-sitt-vedtak-oppdater-10.03.2022.pdf>

Orientering om vurdering av sakshandsamingsfrist

Søknad om tiltak etter pbl. §20-4 som er i samsvar med reglar gjeve i lov eller medhald av denne lov, der løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde ikkje er naudsynt, skal avgjerast av kommunen innan 3 veker, jf. pbl. §21-7 tredje ledd. Fristen vert rekna frå det tidspunktet søknaden er komplett.

Søknad var rekna som komplett først 05.08.2022, då det vart sendt inn supplert teikningsgrunnlag for driftsbygning. Den konkrete saka var i omfatta av desse føresetnadane som er vist til ovanfor, og har sakshandsamingsfrist på 3 veker frå søknad var komplett. Det er ikkje grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr for saker med 3 veker sakshandsamingsfrist.

SAK10 §7-6 føreset at det er tale om ei sak med 12 veker sakshandsamingsfrist etter pbl. §21-7 første eller fjerde ledd, eller søknad om dispensasjon etter SAK10 §7-4 bokstav a), for at det skal vere grunnlag for reduksjon/bortfall av gebyr. Den konkrete saka vert vurdert etter pbl. §21-7 tredje ledd, og det er ikkje grunnlag for reduksjon etter SAK10 §7-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med venleg helsing

Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ole Tundal Bakkebø

SKANSELIEN 33

5031

BERGEN